

Referat frå møte i utval for kyrkjemusikk og gudstenesteliv 19.09.24.

Desse møtte: Camilla Rubac, Heidi Rolfsnes, Øystein Skullerud, Aksel Lygre, Olav Kvarven og Gunnvald Bjotveit

Sak 8/24 Godkjenning av møtebok frå 14.08.24 og innkalling. Møtebok frå 14.08.24 og innkalling vart godkjende utan merknad.

Sak 9/24 Evaluering av arrangement til no i haust

- 6-årsbibel 25. august: Bra frammøte og god gudstenesteoppleving.
- Orgelkonsert 1. september: ca 50 tilstades. Bra kvalitet på program og framføring.
- Temakveld 5. september: Interessant tema, innhald og levande framføring. Kanskje litt for vid tidsramme om tema. I lengste laget? Dei fleste var positive. Positivt med kyrkjekoret. Ca. 70-80 tilstades.
- Konfirmantpresentasjon 15. september: 26 positive konfirmantar. Godt fungerande gudsteneste.

Generelt om PR og Facebook: Heidi tilbyr seg å vera med administrator og hjelpa til med kunngjeringar og liknande. Aksel tek dette vidare med Kyrkjekontoret.

Sak 10/24 Oppfølging av semesterplan fram til jul

Arrangementa med strek under har vårt utval ekstra ansvar for.

- Gospel-gudsteneste 29. september kl. 11.00: Planlegging, innhald og musikkarakar på plass. Grunn til forventingar!
- Temakveld 3. oktober: Trong for musikk. Ingen krise om det vert vanskeleg.
- Gudsteneste 13. oktober
- 4-årsbok 27. oktober: TOL- ansvar
- Felleskyrkjeleg songkveld 7. november: Andakt ved Geir Standal. Kyrkjekoret deltek. Aksel inviterer Betania med. Håkon Tolås og Øystein Skullerud samarbeider, lagar program. Andre innslag vert innvitert inn.
- Lys Vaken 10. november: TOL- ansvar
- Ungdomsgudsteneste 24. november: Konfirmantar vert utfordra til ulike oppgåver: Tekstlesing, lystenning, kyrkjevertar, forbøn. Bønevandring. Musikk og song?
- Barna si jubileumsfeiring 30. november: TOL-utvalet og Marta Hamn m.fleire.
- Konsert ved Prosjektkoret 30. november: Heidi søker om sponsormidlar. Detaljert program m.m seinare.
- Jubileumsgudsteneste 1. desember: Invitasjonar til knapt 100 m/fylgje er sendt ut. Preike ved prost emeritus Erling Johannes Kopperud, Lokale prester deltek. Fungerande prost invitert. Kyrkjekoret deltek. Skulemusikken deltar. Song av Ingebjørg Andrea Aadnanes. Ikkje dåp. 4 nattverdastasjonar.
- Kulturskulen sin julekonsert 6. desember
- Gudsteneste 8. desember
- Kyrkjelyden sin julekonsert 15. desember: Etter vanleg tradisjon og opplegg. Nærare program seinare
- Gudsteneste 24. desember kl. 14.30 og 16.00
- Gudsteneste 25. desember

Sak 12/24 Prosjektkor og søknadsskjema om aktivitetsmidlar: Søknad om aktivitetsmidlar er sendt 14.09.24. 12 har meldt seg + evt. 6-8 kulturskuleelevar.

Sak 13/24 Dato for neste møte: Neste møte vert 24.10.24 kl.19.30 i Røyksundvegen 181 hos Heidi Rolfsnes.

Sak 14/24 Innspel om 2025: Temakveld 16.01.25 ved Elin Minde. Tema Stefanusalliansen.

Gunnvald Bjotveit 19.09.24
referent